

## **ÅRSMELDING FOR KONGEBARNA 2018**

Kongebarna er ein søndagsskule for barn i alderen 3 til 12 år. Vi har hatt faste samlingar annakvar søndag i vårsemesteret og haustsemesteret. Det kjem mellom 20 og 40 barn på samlingane.

Leiargruppa er stabil med 8-10 vaksne. 8 tweens/ ungdommar har vore fast med som medhjelparar.

Kongebarna hadde samlingane i Meland Aktiv eller Nordhordland folkehøgskule, i forbindelse med Norkirken Nordhordland sine gudstenester.

Samlingane var i hovudsak slik: myldring (ulike aktivitetar i gymsal + forming) og fellessamling med kreativ Bibelundervisning og song. Samlingane varar 1 time og 15 minutt. Vi har ulike tema for samlingane, knytt til ulike Bibeltekstar. Vi har òg egne temasamlingar med fokus på advent/jul, påske, pinse og misjon.

Kongebarna har pr. 31.12.2018 46 medlemmer, frå ulike stader i Nordhordland, flest frå Meland kommune. Samlingane er annonserte og opne for alle, uavhengig av medlemskap.

## **MÅLSETTING OG HANDLINGSPLAN FOR KONGEBARNA 2019**

Kongebarna har som mål å halda fram som søndagsskule, med same type aktivitet som i 2018.

Søndagsskulen vil vera knytt til Norkirken Nh sine søndag føremiddag gudstenester, men er open for alle som vil koma direkte til søndagsskulesamlingane.

Samlingane vil vera annakvar søndag, i partalsveker, ca kl.11.30 til 13.00 i Meland Aktiv.

Samlingane er opne for alle, betalende eller ikkje-betalende medlemmer, frå halvåret ein fyller 4 år. Me oppfordrar foreldre til å betala medlemspengar på kr 100,- pr år.

Ungdom frå 9.klasse og oppover får tilbod om å vera medhjelparar på samlingane, med oppgåver tilpassa alder, ønskje og interesser.

Målsettinga er å gi god og kreativ Bibelundervisning og byggja eit trygt og inkluderande sosialt fellesskap for barn i alderen 4 – 12 år, gjennom leik, forming, samtale m.m

Frekhaug, februar 2019

ref. Mariann Urdal Henanger